



Høyanger kommune

Plan og utvikling



Dokid: 16110917 (16/737-41)

Søknad om langsiktig driftsavtale for samferdsleknutepunkt i Høyanger kommune - Vadheim, Nordeide og Ortnevik

Sogn og Fjordane Fylkeskommune
Samferdsleavdelinga
Askedalen 2
6863 Leikanger

e-post: post@sfj.no
T 57 63 80 00

Saksnr.

Dok-ID

Arkivkode
L32

Sakshandsamar
ARG

Dato:
12.10.2016

Søknad om langsiktig driftsavtale for samferdsleknutepunkt i Høyanger kommune - Vadheim, Nordeide og Ortnevik

Høyanger kommune viser til samtalar og møte vedkommande naudsynnte tiltak for venterom for knutepunkta Vadheim sentrum, Nordeide kai og Ortnevik kai. Tilbod for dei reisande med ekspressbuss/lokalbuss knytt til E39, samt mange reisande i sambandet Nordeide – Måren – Ortnevik, ekspressbåt Sogn – Bergen, samt korrespondanse av buss.

./.

Vedlagt følgjer kostnadsoverslag på infrastrukturtiltak, etablering av nytt venterom for Nordeide, prospekt av Vadheim med tilhøyrande budsjett for gjennomføring

Vadheim – fullverdig venterom

Vadheim er eit naturleg knutepunkt for rutegåande trafikk på veg langs E39, lokale ruter i Høyanger, samt fylkeskryssande ruter. Kommunen driftar venterom og toalett i Vadheim. Venterommet er lokalisert i "Kaihuset", toalettet er i ei lita brakke på utsida. Fylkeskommunen betalar kommunen for bruk av venterom og toalett. Vi ser at det har vore ei forsømd oppgåve å få gje dei reisande ei tenleg og godt tilbod i Vadheim med rom for venting, samt andre fasilitetar tilpassa alle dei reisande. Dagens løysing er lite presentabel og Høyanger kommune ønskjer å gjere tiltak.

Bakgrunn

Konkret er det eit bygg som vi eig sentralt plassert i nærleiken av haldeplass. Bygget var tenkt rive, men ein har fått omgjort vedtak og omdisponert midlar til rehabilitering og fullverdig etablere eit venterom med tilhøyrande toalettfasilitetar som er i tråd med universell utforming. Tankane er å transformere dette bygget til slike nye tilbod for dei reisande. Viser elles til oversending av skisser på prosjektet. Trafikklogistikk i Vadheim følgjer gjennomført sentrumsplan som Høyanger kommune realisert tidleg på 2000-talet. Trafikktryggleik var eit viktig tema då denne vart utarbeida.

Total utvendig rehabilitering og innvendig tilbod for reisande

Rehabilitering av Kaihuset utvendig er i oppstarten, samt etablere ny tilkomst i fasade til kommande nytt venterom/toalett. Deretter bygge nytt tilbod for dei reisande i lyse og trivelege lokale med ferdiggjering og ta tilbodet i bruk sommaren 2017. Det innvendige miljø skal stråle utover område på ein slik måte at dei reisande naturleg vil nytte dette tilbodet. Det er viktig for oss at dette blir eit godt møte for dei reisande i Vadheim og at vi på denne måten kan vere eit "utstillingsvindauga" for resten av kommunen.

Postadr.:
Postboks 159
6991 Høyanger

Besøksadr.:
Marcus Tranesgt. 1
6993 Høyanger

Telefon:
57 71 15 60

Bankgiro:
3705 24 53640
Org.nr. 944439838

E post:
postmottak@hoyanger.kommune.no
www.hoyanger.kommune.no



Høyanger kommune

Plan og utvikling

Kostnadsoverslag

- rehabilitering utvendig og nytt venteromtilbod for reisande

Prisoppsett frå Are Øverås ved Sogneffjord Bygg AS

- Rehabilitering av fasade med Cembrit Frontex plater kr. 316.342,-

- Grøvik aluminiumsrenne, nye vindskier impregnert og gavlbleslag

- Vindauga i PVC, inkl. vertikal sprosse

kr. 316.342,-

- Venterom, innvendig etter byggeteikning og kravspek, (budsjett 2017)

kr. 250.000,-

kr. 250.000,-

Andre kostnader knytt infrastruktur

- Omlegging i samband med tilknytning VA

kr. 25.000,-

kr. 25.000,-

Samla kostnadsoverslag infrastruktur og venterom kr. 591.342,-

Alle prisar er basert på byggeteikning og prisar eks. mva.

Vi søker med dette om avtale på 15 år med eit driftstilskot på stort kr 130.000 årleg. Dette inkluderer investeringskostnader, straum, vask, renovasjon og naudsynt vedlikehald m.m.

Nordeide ferjekai – fullverdig venterom og større infrastruktur

Etter overtakinga av ferjekaien frå Statens Vegvesen har det ikkje vore gjort nemnande tiltak for dei reisande og dei som opererer i sambandet. Farlege situasjonar med ryggande buss, samt at dei reisande har hatt større avstand mellom eks venterom faselitetar og avstand til kai der båt/ferje legg til.

Høyanger kommune ønskjer ei tilrettelegging med nært samarbeid med operatørarar som driftar sambandet og vere i god dialog med brukarar tilbodet. Eigarforhold treng ikkje vere kommunen, men det vil vere bra omdømebygging dersom vi kan framskande eit godt tilbod på kort og lang sikt. Vedlagt følgjer eit oppsett der ein legg opp til eit nytt venterom, samt eit alternativ som ein kan midlertidig sette opp fram til vi har eit permanent klart.

For Høyanger kommune er dette ei stor investering som ein må sjå over mange år. Vi har sett Nordeide på høg prioritet. Vi er avhengig av å kunne fullfinansiere dette ved å søke eksterne midlar. Prosjektet vil vere forankra gjennom handlingsprogrammet til gjeldande vedteken trafikktryggleiksplan. Eit heilskapleg utforma prosjekt vil gjerne kunne utløyse løyvingar etter søknad gjennom t.d. trafikktryggleiksmidlar.

Vurderingar av venterom/trafikklogistikk/tryggleik

Høyanger kommune presenterte ei førebels skisse på løysing i eit møte med samferdsle-avdelinga på førsommaren i år. Det vart innsendt ein rapport til ei framtidig avklaring for venteromplassering og logistikk knytt til avvikling for dei reisande til/frå båt og buss på kort/lang sikt. Oppstramming/organisering av trafikkarealet på kaien og merking er sentrale punkt. Krav til utforming jf. NS 1225 geometrisk utforming for buss og større køyrety ligg fast.

Universell utforming er i utgangspunktet ikkje berre eit krav, men heilt naturleg i planløysingar. Toalett/venterom må byggast for å gje tilgjenge for alle. Venterommet vert lokalisert til område rundt den kommunale kaia. I samråd med Fylkeskommunen har ein bede NordPlan å hjelpe oss



Høyanger kommune

Plan og utvikling

med å utarbeide plan-/ byggeteikning. Vi er no i startfase for å involvere alle brukarar samt ev framtidig driftar av område til ei felles gjennomgang så tidleg som mogleg.

Arealbruk/tinglysing av areal/involvering i detaljplanarbeidet

Høyanger kommune har i sommar vurdert moglege tiltak på kort sikt med mellombels tilrettelegging for snuareal for buss. Ei gjennomgang av eigedomstilhøva syner at Høyanger kommune har tilstrekkeleg areal for å opparbeide permanent tiltak for oppstilling til buss og plassering av nytt venterom. Det er ein relativt kort prosess for at arealavklaringa er gjennomført og tinglyst.

Planen inneheld også oppstillingsplass for bilar knytt til reise. I dag har ein ikkje optimale forhold til dei reisande med ly for vær og vind. Høyanger kommune har alternativ vurdert snarast å få på plass eit modulbygg for venterom. Det er også innhenta tilbod på dette dersom ein ikkje kjem raskt i gang med planen. Av kostnadsomsyn har ein også vurdert løysingsframlegg med/utan toalett. Det kan ev vurderast om Høyanger kommune skal vere eigar av bygget.

Kostnadsoverslag

- utviding av Nordeide ferjekai og venteromtilbod for reisande

Prisoppsett frå Per. A. Øren, utviding av Nordeide ferjekai

- Rigg, vegar og plassar, kummar, grøfter og overvatn, grøft for kabel	kr.	475.150,-
- Venterom, tilrettelegging grunn, levering, montering av modul	kr.	270.000,-
	kr.	745.150,-

Andre kostnader knytt infrastruktur

- Omlegging av eksisterande el-forsyning og veglys, 200m	kr.	250.000,-
- Asfaltarbeid, omlag 1000 m2	kr.	120.000,-
- Kantstein, oppheva fortau, merking av køyrefelt, skilting	kr.	200.000,-
- Slamavskiljar for permanent løysing	kr.	100 000,-
	kr.	670.000,-

Planarbeid Høyanger kommune / NordPlan

- Midlar til plan og oppfølging	kr.	30.000,-
	kr.	30.000,-

Samla kostnadsoverslag infrastruktur og venterom kr. 1.445.150,-
Alle prisar er basert på tidlege skisser og prisar eks. mva.

Vi søker med dette ein avtale på 15 år med eit driftstilskot på stort kr 150.000 årleg for dette sambandet. Dette inkluderer investeringskostnader, straum, vask, renovasjon og naudsynt vedlikehald m.m.

Ortnevik – fullverdig venterom i eks butikklokale på kaia

I samband med sentrumsplanarbeidet i Ortnevik har det blitt meldt inn ønskje om tilrettelegging av venteromtilbod også i Ortnevik. Ortnevik Grendalag ynskjer å få til eit fullverdig venterom i eksisterande "Ortnevik Nærbutikk". Denne lokaliteten er svært nær kaianlegget og vil vere vinn vinn for bygda og brukarar, samt god oppfølging knytt til drifta. Høyanger kommune er inne i arbeidet med å hjelpe bygda med å gjennomføre delar av sentrumsplanen og dermed involvert i desse planane. Styreleiar i Ortnevik Nærbutikk Harald Mårstig er Høyanger kommune sin kontakt og det vert i desse dagar utforma eit prospekt på kva ein kan tilby dei reisande. Litt ombygging av tidlegare postkontor og tilrettelegging for universelt tilpassa toalett/stellerom.



Høyanger kommune

Plan og utvikling

Denne delen i butikken er i dag nytta av bygda, biblioteket har litt tilbod og jamne mellomrom kunstutstilling i deler av lokalet. Mindre tilpassing av innvendige delevegger og etablering av eigen inngang. Styret i butikken saman med eigar utarbeider eit konkret framlegg til løysing og formalitetar knytt til drift/utleige.

Høyanger kommune er tyngre inne i Ortnevik med å få betre infrastruktur på VA sida og det vert arbeidd med å få etablert gangveg/lys langs deler av fylkesvegen på sikt. Dermed kan det vere synergjar som kan tilføre utvendige tilpassingar framfor bygget i form av universell utforming og tilrettelegging.

Til orientering så har ein undersøkt å leige eit mobilt mindre bygg, men ein har konkludert med at område ikkje treng fleire bygningar. Leigekostnader ville då vere følgjande for minimum 1 års leige. Utover dette kjem tillegg som vask, straum og førefallande vedlikehald. Løysinga vil innebere følgjande kostnader:

Leige (Cramo) /månad + 5% forsikring	kr	2 200,-
Montering med trapp ev tilpassing til rampe	kr	6 500,-
Demontering/transport per tur	kr	11 500,-
Føresetnad at ein har tilkopling lovleg VA-system		

Storleiken på denne drifta med husleige vil nok vere av ein storleik lik drifta vi har pr. i dag i Vadheim. Altså eit driftstilskot på stort kr 60.000 årleg for dette sambandet. Dette inkluderer investeringskostnader, straum, vask, renovasjon og naudsynt vedlikehald m.m.

Om spørsmål eller behov for meir informasjon kontakt prosjektleiar Aril Nikolai Gjelsvik
e-post: aril.gjelsvik@hoyanger.kommune.no eller T 922 89394.

Høyanger, den 12. oktober 2016

Petter Sortland
Ordfører

Aril Nikolai Gjelsvik
Prosjektleiar